Møtereglement

1. Møteleiar opnar og leiar møtet.
2. Alle medlemer av lokallaget som har meldt seg på innan fristen har tale- og stemmerett på årsmøtet.
3. Deltakarar ber om ordet ved å rette opp handa.
4. Taletid er avgrensa til 3 minutt, replikkar er eitt minutt. Saksinnleiar og medlemar av lokallagstyret kan få ordet utanom talelista for å svare på spørsmål eller gi saksopplysningar.
5. Møteleiar og deltakarar kan kome med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek blir sett. Slike forslag blir tatt opp til avstemming straks.
6. Årsmøtedeltakarar som ber om ordet til dagsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
7. Alle forslag skal vere kjende før strek blir sett.
8. Nye forslag kan ikkje fremjast etter at strek er sett.
9. Forslag vedtakast dersom det blir gitt fleire stemmer for enn mot. Ved stemmelikheit blir det loddtrekning. Personval er regulert i valreglementet.

Valreglement

Generelt om vala:

- Vala gjeld for to år med verknad frå 1. august 2022.
- Alle val er skriftlege. Leiar av valet kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre opa votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomiteen, og det ikkje ligg føre andre forslag.
- Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått og som har sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.
- Kandidatar som er foreslått, er:
    - Forslag frå valkomiteen (verv i styret) og forslag frå lokallagsstyret (valnemnda)
    - Kandidatar som er foreslått av deltakarar på årsmøtet
- Blank stemmesetel blir rekna som angitt stemme.
- Ved likt stemmetal mellom to kandidatar i omval, avgjerast det ved loddtrekning. Dersom det haldast omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast stemmer skal ut, avgjerast det også ved loddtrekning ved stemmelikheit.

- Disse skal veljast på lokallagsårsmøtet: Leiar i lokallagsstyret, nestleiar, øvrige styremedlemer, varamedlemer til lokallagsstyret, tillitsvalde etter hovudavtalen i KS, og valnemnd for komande periode.
- Val av rett tal øvrige medlemmer til lokallagsstyret etter gjennomførte val av leiar og nestleiar. Dette er eit samla val. Dersom det fremjast eit alternativt forslag på årsmøtet i tillegg til valnemndas innstilling, må forslaget fremjast som eit samla forslag. Forslaget må være i samsvar med punkt 5 i valreglementet. Forslaget må leverast skriftleg.
- Val av medlemer til lokallagsstyret skjer i samsvar med kvoteringsreglane i vedtektene § 15.1.: *Det skal tilstrebes en kvinneandel på minst 50 % i alle valgte organisasjonsledd,* og § 15.2: *Lokallagsstyret skal settes sammen med en rimelig representasjon fra de ulike medlemsgruppene og minst en lederrepresentant.*
- Val av valkomité. Lokallagsstyret fremjar forslag på 3 medlemmer til ny valnemnd for årsmøteperioden.
- Valnemnda veljast på same måte som øvrige medlemer til lokallagsstyret. Valkomiteens samansetning og ansvar er heimla i vedtektene § 64.